

A close-up, profile view of a healthcare professional with blonde hair, wearing safety glasses and a blue scrub top. They are looking down at a tablet device. The background is a blurred clinical setting with shelves and equipment.

2019

SAV i 2019

Auka merksemd på legemiddelberedskap

Ved inngangen til 2020 er spesialisthelsetenesta prega av førebuing- og beredskapsarbeidet knytt til Covid-19 pandemien. Det har prioritet til ei kvar tid å gje pasientane god behandling, sikre riktig bemanning og utstyr og det å leggje til rette for stabil drift.

Sjukehusapoteka Vest (SAV) har i 2019 saman med dei andre sjukehusapotekføretaka delteke i arbeidet med å bygge opp ein nasjonal beredskapssadministrasjon. I samarbeid med sjukehusføretaka, grossist og mangelsenteret ved OUS skal beredskapsadministrasjonen arbeide for å sikre tilgang på viktige legemiddel og førebyggje legemiddelmangel.

Effektivt innkjøp og styring av kostnader

I 2019 har kostnaden på legemidlar auka med nær 6 prosent. Nye kostbare legemiddel og overføring av medikament til helseføretaksfinansiering er drivarar bak denne utviklinga. Dette understrekar behovet for god styring både ved bestilling og bruk av legemidlar, men og gjennom nasjonalt innkjøpssamarbeid.

God pasienttryggleik og nøgde kundar

SAV medverkar til at dei som kjøper legemiddel og andre apotekvarer får god informasjon for å understøtte rett og trygg bruk. Sjukehusføretaka samarbeider om opplæring for tilsette, felles systemløysingar og felles pasientretta informasjon. Brukarundersøkinga i 2019 visar samla sett at våre kundar har ei god oppleving når dei besøker sjukehusapoteket.

Investeringar for å møte framtida

Framtida for sjukehusapoteka vil være prega av krav til kvalitet og effektivitet i levering av varer og tenester.

SAV har i 2019 lagt eit investeringsprogram der dei største investeringane er nye apoteklokalar i Stavanger og Førde, nytt apotek på Haraldsplass Diakonale Sjukehus, pakkeanlegg for ein-dose, robot til produksjon av cytostatika og ombygging av produksjonslokala i Bergen.

Det skal i økonomisk langtidsplan perioden også innførast eit nytt bransjesystem for apotek og nytt system for produksjonsstøtte. Målet med investeringane er å sikre tilfredsstillande kvalitet og effektivitet i SAV sine leveransar til sjukehusa, og det er lagt opp til at investeringane skal finansierast med eigenkapital. Dette krev god økonomistyring og at føretaket når dei budsjetterte resultata dei komande åra.

Kompetanseutvikling

Kompetanseutvikling i SAV omfattar både klasserom og e-læringsundervisning. Dette er heimla i føretaksstrategien og konkretisert i våre fagplanar og i årleg handlingsplan for kompetanse. Talet på e-lærings- og klasseromkurs som har vært gjennomført i 2019 er auka samanlikna med året før.

Arbeid med kvalitet

I 2019 har det vore arbeid med å førebu oppdatering av kvalitetssystemet og avvikssystemet til ny versjon, periodisk gjennomgang av prosessar og gjennomføring og oppfølging av revisjonsprogram. Dette inkluderer eksterne revisjonar og tilsyn. Føretaket har og starta arbeid med å etablere leiinga sin gjennomgang for kvalitet, utarbeide kvalitetsmål og måleindikatorar samt med å forbetre arbeid med risikostyring og metode for risikoanalysar.

Forsking og utvikling (FoU)

FoU er eit verkemiddel for å realisere strategi og fagplaner i SAV. Det er utarbeidd ny Fagplan for forsking, utvikling og innovasjon i 2019 som skal understøtte og gje retning for arbeidet. Framover skal en særleg legge vekt på forsking på tenester og system som bidreg til god legemiddelbruk i heile pasientløpet, framtidsretta legemiddelproduksjon, samt å få på plass strukturar og samarbeidsrelasjonar som understøttar forskingsarbeidet. Innovasjons- og utviklingsarbeidet vil rette merksemd mot digitalisering, og særleg på pasientnære tenester, lukka legemiddelsøyfe og tenesteinnovasjon. Målet er betre pasientbehandling og pasienttryggleik, kompetanseheving hos medarbeidarar, samt nye og forbetra produkt, arbeidsprosessar, tenester og organisering.

Økonomi

Omsetning*

1 189 202

1 225 036

Resultat*

12 736

17 135

Eigenkapital*

207 962

195 227

Totalkapital*

352 710

335 391

*) Tal i 1000 NOK

Aktivitet

Varer (tusen pakninger)

2 212

2 199

Produksjon (tal tilsetninger)

106 884

101 833

Tenester (tal årsverk)

42

38

2019


Tilsette (tal årsverk)

236

226

2018

Omsetning




2019

2018

Tal i 1000 NOK

Resultat




2019

2018

Tal i 1000 NOK

Pakninger



2019

2018

Tal i 1000

Sjukehusapoteka Vest HF - Meir enn eit vanleg apotek

Sjukehusapoteka Vest er det største farmasifaglege miljøet på Vestlandet. Føretaket er eit av seks sjølvstendige helseføretak eigd av Helse Vest RHF og er ein del av spesialisthelsetenesta. Føretaket skal drive effektivt og bidra til å sikre ein god legemiddel-forsyning til sjukehusføretaka i regionen, sikre tilgang på spesialiserte legemiddel og tilby farmasøytiske tenester som kan bidra til trygg legemiddelbruk.

Våre fire sjukehusapotek finn du på Haukeland universitetssjukehus i Bergen, Førde Sentralsjukehus, Haugesund sjukehus og Stavanger universitetssjukehus. Føretaksadministrasjonen er i Bergen.



Besøk oss på
sav.no • Facebook • LinkedIn • Instagram



SJUKEHUSAPOTEKA VEST

Postboks 1400 - 5021 Bergen - post@sav.no